ALVER
KOMMUNE

Stendal Vvs As
Blombakken 1
5911 Alversund

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar:<br>Vår: 22/9114 - 23/9352 | Linda Hammersvik Folkestad<br>linda.folkestad@alver.kommune.no | 01.02.2023 |

# Foreløpig svar på røyrleggjarmelding - gbnr 137/119 Alver

**Tiltak:** Tilknyting offentleg vatn og avløp – tomannsbustad – Gbnr 137/119
**Byggjestad:** Isdalstøbakken 80 – Gbnr 137/119
**Tiltakshavar:** Bolig & Eiendom AS
**Ansvarleg søkjar:** Stendal VVS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 18.01.2023.

Grunna stor arbeidsmengde har vi ikkje fått sett på saka før no. Vi beklagar sein tilbakemelding på innsendt søknad.

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Vi ser at privat leidningsstikk skal leggast over Gbnr 137/3. Det er ikkje lagt ved tinglyst rett til dette. Vi ber om at søknad vert supplert med tinglyst rett til å legge privat leidningsstikk over Gbnr 137/3 (jf. Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Adm. bestemmelser pkt. 2.3). Avtalen må også omfatte drift og vedlikehald av dette leidningsnettet.

   Kommunen sin rett til å ha leidningar over Gbnr 137/3 omfattar ikkje private leidningsstikk.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.03.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen | Linda Hammersvik Folkestad |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bolig & Eiendom As | Stølen 26 | 5911 | Alversund |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Stendal Vvs As | Blombakken 1 | 5911 | Alversund |